

Innkalling av Eldrerådet

Møtedato: 24.04.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: kl. 13.30

Eventuelle forfall må meldast til Marie Koksvik Thorsen per tlf. 56192100, sms til 90134247 eller per epost til marie.koksvik.thorsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
005/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/19	Godkjenning av møtebok
007/19	Referatsaker og meldingar
008/19	Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming i Lonevåg - deltaking i prosjekt
009/19	Arbeidsgruppe: Leve hele livet
010/19	Bustadsosial handlingsplan for Osterøy kommune 2019-2023 – melding om igangsetting og føremål

Orientering: Planlegging av omsorgsbustader, inkludert heildøgns omsorg i «omsorg+»

Sektorleiar for helse- omsorg og sosial vil saman med ein konsulent frå Norconsult gi ei orientering om alternativ for planlegginga av ulike typar omsorgsbustader i kommunen, på bakgrunn av folketalsutviklinga.

10. april 2019

Åge Clausen
møteleiar

Marie Koksvik Thorsen
sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/464

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/464

Godkjenning av møtebok

Protokoll - Eldrerådet - 27.02.2019
Møtebok frå 27.02.19 vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll frå møtet 27.02.19 er send ut til godkjenning.



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 27.02.2019
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13.30 – kl. 16.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aslaug Gjerstad		Medlem
Berge Litland		Medlem
Magne Reigstad		Medlem
Åge Clausen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Esther Halland		Ove Kleiveland
Kjell Mosevoll		Atle Eide

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekretæren og sektorleiar for helse, omsorg og sosial.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møtebok
004/19	Arbeidsgruppe: Leve hele livet

Presentasjon om tryggleikssjukepleie

Tryggleikssjukepleiar i Bergen kommune skal gje ei orientering om kva tryggleikssjukepleie går ut på, og kva for erfaringar Bergen kommune har gjort seg på dette området.

Sak til drøfting: Tal sjukeheimsplassar i kommunen og planleggingsarbeidet av omsorg+

001/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

27.02.2019 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

ELD - 001/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå 22.11.2018 vert godkjend.

27.02.2019 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå møtet 22.11.2018.

ELD - 002/19 VEDTAK:

Møtebok frå 22.11.2018 vert godkjend.

004/19: Arbeidsgruppe: Leve hele livet

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

27.02.2019 ELDRERÅDET

Eldrerådsleiar Åge Clausen, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert utsett til neste møte 24. april. Til dette møtet skal alle ha satt seg inn i innhaldet til stortingsmeldinga «Leve hele livet» (Det kan vere hensiktsmessig å fokusere på samandraget)."

AVRØYSTING

Eldrerådsleiar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ELD - 004/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett til neste møte 24. april. Til dette møtet skal alle ha satt seg inn i innhaldet til stortingsmeldinga «Leve hele livet» (Det kan vere hensiktsmessig å fokusere på samandraget)."

Andre saker

Orientering frå spesialsjukepleiar for førebyggjande heimebesøk i Bergen kommune

Spesialsjukepleiar i Bergen kommune for førebyggjande heimebesøk, Gunn Johannessen, gav ei orientering om kva denne tenesta går ut på, og svara på spørsmål frå eldrerådet.

Bakgrunnen for oppretting av tenesta i 2003, i Laksevåg bydel, var at mange eldre kjenner seg unødvendig utrygge. Tenesta er ikkje lovpålagt i Noreg, men fleire kommunar tilbyr den. I Bergen kommune er det i dag to spesialsjukepleiarar som dekker denne tenesta.

I Bergen kommune får alle som er fylt 80 år, bur heime og ikkje tek i mot anna hjelp frå kommunen tilbod om heimebesøk. Hensikta med tenesta er at den skal vere helsefremmande og helsebevarande. For å nå ut med informasjon om tenesta har det vore vellykka å samarbeide med lokale medier og frivillegsentralar.

Besøka utgjer eit førebyggjande tiltak, som skal gjere fleire eldre i stand til å klare seg sjølv lenger, ved at dei kan få tilrettelagt hjelp og tiltak tidleg, og slik sett planlegge for alderdomen sin. Omkring seksti prosent av dei som får tilbodet om heimebesøk takkar ja til dette i Bergen kommune. I forhold til landsgjennomsnittet er dette eit relativt høgt tal. Ein journal vert oppretta for dei som tek i mot tilbodet. Dette gjeld omkring 1000 personar i året. Spesialsjukepleiaren vil fungere som ein kontaktperson for brukaren så lenge den eldre ikkje i stor grad har vorte mottakar av andre helsetenester.

Under besøket ønskjer spesialsjukepleiaren å informere om kva kommunen har av ressursar og tilbod som kan bidra til at den eldre kan bu heime så lenge som mogleg. Den som får besøk skal vere med på å bestemme tema for samtalen, og vanlege samtaleemne er korleis kvardagen til den eldre er, kva for hjelpemiddel kommunen kan tilby, interesser, fritidsaktivitetar, kosthald og mosjon, familierelasjonar og anna sosialt nettverk. I tillegg skal spesialsjukepleiaren danne seg eit bilete av butilhøva til den eldre. Hensikta med samtalen er at sjukepleiaren skal kunne danne seg eit heilskapleg bilete av den eldre sin situasjon, og på bakgrunn av dette kome med råd og informasjon om korleis den einskilde kan innrette seg for å ta vare på helsa og klare seg sjølv.

Det vart ikkje gjort vedtak i samband med orienteringa.

Orientering frå sektorleiar i helse-, omsorg og sosial om sjukeheims plassar i kommunen og planlegging av framtidige omsorgsbustader

Sjukeheims plassar på Osterøytunet: Sektorleiaren orienterte om status på Osterøytunet etter at ei avdeling vart lagt ned i januar. Nokre pasientar og tilsette har vorte omplassert, og sjukeheimen har framleis nok plassar. Plassane som no ikkje er i bruk, blir ståande slik inntil vidare. Dette for å kunne opne opp igjen dersom behovet tilseier det.

Planlegging av omsorgsbustader, inkludert heildøgns omsorg i «omsorg+»:

Sektorleiar orienterte om alternativ for planlegginga av ulike typar omsorgsbustader i kommunen, på bakgrunn av folketalsutviklinga. Denne planlegginga er fortsatt under arbeid, og det vil verte lagt fram sak om temaet til eldrerådet i neste møte.

Det vart ikkje gjort vedtak i samband med orienteringa.

Til å skrive under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart Berge Litland og Magne Reigstad valde.

Lonevåg, 01.03.2019

Marie Koksvik Thorsen
utvalssekretær

Åge Clausen
utvalsleiar

Berge Litland

Magne Reigstad

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/464

Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitande.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.04.2019
008/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/827

Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming i Lonevåg - deltaking i prosjekt

Vedlegg:

Kartlegging_av_tilgjengelegheit_og_universell_utforming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frå planavdelinga i kommunen har det kome ein førespurnad om rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet kan vere interesserte i å vere med på eit prosjekt for å kartlegge tilgjengelegheit og universell utforming i Lonevåg (sjå vedlegg for meir informasjon).

Vurdering

Per i dag har kommunen avgrensa kapasitet til å følgje opp eit slikt kartleggingsprosjekt, men om det vert vellukka vil ein kanskje kunne følgje opp med eit meir omfattande prosjekt. I første omgang må deltakarane i prosjektet kunne gjere registreringane på eiga hand. Dette kan gjerast anten manuelt på kart, eller via ein applikasjon på telefonen.

Konklusjon

I fyrste omgang ønskjer ein å få tilbakemelding på kor mange som ønskjer å delta på denne kartlegginga. Dersom prosjektet får tilstrekkeleg mange deltakarar, vil ein kunne starte opp prosjektet.

Kartlegging av tilgjengelegheit og universell utforming

Oppdatert: 25.02.19

Kartverket bidreg til å kartlegge tilgjengelegheit i byar, tettstader og friluftsområde, og offentliggjør alle registrerte data.



UTFORMING: Inngangsparti som er universelt utforma. Foto: Kartverket.

Kva er tilgjengelegheit og universell utforming?

Funksjonshemming blir ofte misforstått som ein type varig sjukdom eller tilstand, men funksjonshemma menneske er inga einsarta gruppe. Barn, eldre menneske, foreldre med barnevogn, personar med ein mellombels skade og så vidare møter andre hindringar enn befolkninga elles. Universell utforming handlar om at omgivnadane skal vere tilgjengelege for alle, uansett ferdigheiter og funksjonshemmingar. Derfor er universell utforming til fordel for alle menneske på ulike stadium i livet.

I 2009 la regjeringa fram ein handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit. Handlingsplanen var fornya i 2015. Målet er å gjere samfunnet meir tilgjengeleg for alle, og at Noreg skal være universelt utforma innan 2025.

Kvifor kartlegge tilgjengelegheit?

Ved å kartlegge framkommelegheita, vil ein avdekke korleis staden er tilpassa personar med nedsett rørsleevne og nedsett syn. Tilgjengelegheitsdata for eit område er eit nyttig verktøy for arealplanlegging og byutvikling.

Med hjelp av databasen kan ein kommune finne ut

- korleis situasjonen er i dag
- kva ein kan gjere for å betre tilgjengelegheita
- korleis middel kan brukast på ein effektiv måte

Kartlegging gjev ei heilskapleg oversikt. Slik blir det enklare å ta dei rette avgjerdene, til dømes om kva ruter gjennom ein by det er viktig å ha fokus på, kvar ting er nesten i orden og kan gjerast betre med enkle middel, eller kvar ein treng store, langsiktige investeringar.

Tilgjengelegheitsprosjektet i Kartverket

Målet med prosjektet er å skapa ein database og kartlag i ein kartklient som gjev status for tilgjengelegheit i tettstadar og friluftsområde i Noreg. Databasen kan dermed være eit nyttig verktøy for

- arealplanlegging (bygge eit barriere-fritt miljø) og vedlikehald i kommunen
- statistikk og analyse i staten og organisasjonane
- sluttbrukarar som informasjonskjelde

Datasettet er eit bidrag til å skapa betre folkehelse og å sikre sjølvstende og sikkerheit for alle menneske med nedsett funksjonsevne.

[Les meir om Kartverkets prosjekt om kartlegging av tilgjengelegheit.](#)

Bukargrupper

Innsamling av data skjer med fokus på to brukargrupper:

- Personar med nedsett hørsleevne
- Personar med nedsett syn

Prosjektet gjev derfor ikkje eit fullstendig bilde av tilgjengelegheit for alle typar funksjonshemmingar, men er ein god start ein seinare kan bygge vidare på.

Utstyr for kartlegging

Det er utvikla eit verktøy for registrering av tilgjengelegheit. Dette er ein applikasjon/«app» som kan nyttast på eit Android nettbrett. Verktøyet er derfor rimelig å skaffe seg, og enkelt å ta med seg ut i felten. Rettleiar for applikasjonen finn du på [sida for rettleiing](#).

Registreringa kan knytast direkte til kartinformasjonen, nøyaktig posisjonering skjer via den innebygde GPS'en i nettbrettet. Det er utvikla to rettleiarar for arbeid i felt; ein for registrering i tettstadar og ein for registrering i friluftsområde.

Definisjon av universell utforming:

«Utforming av produkt, omgivnader, program og tenester på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske, i så stor utstrekning som råd, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming. Universell utforming skal ikkje ekskludere hjelpemiddel for bestemte grupper av menneske med nedsett funksjonsevne når det er behov for det»

(frå FN-konvensjonen om rettighetene til menneske med nedsett funksjonsevne)

KONTAKT OSS

Telefon: 32 11 80 00

E-post: post@kartverket.no

[Adresser og kontaktinformasjon](#)

[Meld deg på eller av nyhetsbrev](#)

CHAT

FØLG OSS



FYLKESKARTKONTOR

Finn fylkeskartkontor

VELG

DRIFTSMELDINGER

[Sjekk driftsmeldinger](#)

[Personvern](#)

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/19	Eldrerådet	PS	27.02.2019
009/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/375

Arbeidsgruppe: Leve hele livet

Vedlegg:

Brev til eldrerådene LEVE HELE LIVET
Brev nr. 2 til eldrerådene i Norge LEVE HELE LIVET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

Eldrerådet - 004/19

ELD - behandling:

Eldrerådsleiar Åge Clausen, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert utsett til neste møte 24. april. Til dette møtet skal alle ha satt seg inn i innhaldet til stortingsmeldinga "Leve hele livet" (Det kan vere hensiktismessig å fokusere på samandraget)."

AVRØYSTING

Eldrerådsleiar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ELD - vedtak:

"Saka vert utsett til neste møte 24. april. Til dette møtet skal alle ha satt seg inn i innhaldet til stortingsmeldinga "Leve hele livet" (Det kan vere hensiktismessig å fokusere på samandraget)."

Saksopplysningar:

Regjeringen la «Leve hele livet» den 4. mai 2018. www.levehelelivet.no
Reformen skal bidra til:

- at eldre kan mestre livet lengre, oppleve god kvalitet og ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det
- At pårørende kan bidra uten at de blir utslitt
- At ansatte opplever at de kan bruke sin kompetanse i tjenesten og gjøre en god jobb

«Leve hele livet har fem innsatsområder:

1. Et aldersvennlig Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Sammenheng i tjenesten

Kvalitetsreformen skal settes på dagsorden i både kommunene og fylkeskommunen i 2019. Kommunene og fylkeskommunen må kartlegge egne behov og utfordringer når det gjelder innsatsområdene for «Leve hele livet». Derfor er 2019 et viktig år når det gjelder å involvere brukerne selv og deres pårørende.

Pensjonistforbundet er den største pensjonistorganisasjonen i landet og vi ønsker derfor at eldrerådet tar oss med på råd. Vi oppfordrer derfor eldrerådet til å ta kontakt med Pensjonistforbundets lokalforening og lage en arbeidsgruppe med tema Leve hele livet, slik at intensjonen i reformen følges opp.

Til eldrerådet i din kommune

Januar 2019

Meld. St. 15 (2017 – 2018) «Leve hele livet» - En kvalitetsreform for eldre

Regjeringen la «Leve hele livet» den 4. mai 2018. www.levehelelivet.no

Reformen skal bidra til:

- at eldre kan mestre livet lengre, oppleve god kvalitet og ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det
- At pårørende kan bidra uten at de blir utslitt
- At ansatte opplever at de kan bruke sin kompetanse i tjenesten og gjøre en god jobb

Målgruppen er hjemmeboende eldre 65 + og eldre som bor på institusjon.

Denne målgruppe har ulike forutsetninger og stor variasjon over behov og ønsker.

«Noe av det viktigste kommunene kan starte med er forebyggende hjemmebesøk. Skal vi ivareta de eldre innbyggere på en god måte, må vi vite mer om situasjonen deres og hva som er viktig for dem. Hjemmebesøk gir en unik mulighet til se den enkelte, ikke minst de som ikke er i kontakt med helse- og omsorgstjenesten til vanlig, sier eldre- og folkehelseminister Åse Michaelsen.»

«Leve hele livet har fem innsatsområder:

1. Et aldersvennlig Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Sammenheng i tjenesten

På hver av innsatsområdene legger reformen «Leve hele livet» fram 5 utfordringer og forslag til løsninger som alle viser til lokale eksempler.

«Leve hele livet» bygger på en rekke tiltak som er prøvd ut i en eller flere kommuner over hele landet. Innspillene har kommet fram på dialogmøtene fra blant annet ansatte, eldre, pårørende, frivillige, forskere og ledere.

I meldingen er det lagt fram en tidsplan for gjennomføring av reformen:

Fase 1 Forberedelse og oppstart skal foregå gjennom hele 2019.

Fase 2 Karlegging og planlegging (2019-2020).

Fase 3 Implementering og gjennomføring (2021-2023).

Fase 4 Evaluering og forbedring (2021-2023).

Reformperioden starter i 2019 og varer fram til 2023.

Det er fase 1 og 2 som er relevante for aktivitetsplanen for 2019.

Forberedelse og oppstartsåret for Leve hele livet starter i 2019.

Kvalitetsreformen skal settes på dagsorden i både kommunene og fylkeskommunen i 2019. Kommunene og fylkeskommunen må kartlegge egne behov og utfordringer når det gjelder innsatsområdene for «Leve hele livet». Derfor er 2019 et viktig år når det gjelder å involvere brukerne selv og deres pårørende.

Pensjonistforbundet er den største pensjonistorganisasjonen i landet og vi ønsker derfor at eldrerådet tar oss med på råd. Vi oppfordrer derfor eldrerådet ta kontakt med Pensjonistforbundets lokalforening og lage en arbeidsgruppe med tema Leve hele livet, slik at intensjonen i reformen følges opp. Kommunen kan ha mange utfordringer og da gjelder det at brukerne kan være med å gi innspill til hva som er viktigst for oss og evt. foreslå løsninger/tiltak.

Mål

Å påvirke prosessene som skal gjennomføres i kommuner og fylkeskommuner slik at resultatet blir bedre livskvalitet for alle eldre.

Forslag til aktiviteter (sidetallene refererer seg til «Leve hele livet»)

- **Gjøre seg kjent med reformen**, særlig om tidsplan og virkemidler for gjennomføring (s. 168-73). Komme seg med på de opplæringsarenaene som skal etableres lokalt av fylkesmennene m.fl.
- **Følge med på om reformen settes på dagsorden i kommunen**, fylkeskommunen og i allmennheten. På s. 169-70 i st. meld. er det beskrevet hvordan regjeringen planlegger at det skal foregå. Si fra i relevante fora dersom dette ikke skjer (eldreråd, lokalaviser osv.).
- **Følge med på om kommunene tar stilling til løsningene** i reformen og hvordan de vil utforme og gjennomføre dem lokalt. Det er forutsatt at kommunene tar stilling til dette gjennom politiske vedtak.
- **Påvirke hvilke løsninger som velges lokalt.**
NB! Det er viktig at pensjonistforeningen kommer tidlig inn i prosessen gjennom f. eks eldreråd. Når saken legges fram for kommunestyret vil det ofte være for seint. Det er viktig å være oppmerksom på om kommunene bare velger de billigste løsningene og ikke de som dekker best de eldre behov. Hva er viktigst at kommuner dekker i din kommune?
- Hver av **de 5 innsatsområdene kan være tema på pensjonistforeningens møter** i 2019. Det kan legges opp til en dialog etter foredragene på foreningsmøtene

Det er satt av 48 millioner i Statsbudsjettet for 2019 for å gi kommunene støtte til å planlegge og komme i gang med reformen. Kommuner som tar i bruk løsninger fra Leve hele livet vil bli prioritert i statlige støtteordninger.

Det er viktig at vi lærer av de gode eksemplene og samarbeider med relevante aktører i kommunene.

Lykke til med reformen «Leve hele livet»!

Med vennlig hilsen



Harald Olimb Norman
Generalsekretær

Anne Hanshus
Seniorrådgiver helse



Til eldrerådet i din kommune

April 2019

Er ditt eldreråd engasjert i reformen «Leve hele livet»?

Regjeringen startet i januar 2019 arbeidet med www.levehelelivet.no

Reformen skal bidra til:

- at eldre kan mestre livet lengre, oppleve god kvalitet og ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det
- At pårørende kan bidra uten at de blir utslitt
- At ansatte opplever at de kan bruke sin kompetanse i tjenesten og gjøre en god jobb

Målgruppen er hjemmeboende eldre 65 + og beboere på institusjon.

Reformen skal settes på dagsorden i både kommunene og fylkeskommunen. Oppstart, planlegging og kartlegging skal foregå gjennom hele 2019 og 2020. 2019 et viktig år når det gjelder å involvere brukerne selv. Pensjonistforbundet oppfordrer alle eldrerådene i Norge til å opprette en egen brukerrepresentant som skal være en aktiv deltager i gjennomføringen av «Leve hele livet» i egen kommune. Brukerne bør være med å gi innspill og foreslå tiltak.

Målet for brukermedvirkning i «Leve hele livet» er:

- Å påvirke prosessene som skal gjennomføres i kommuner og fylkeskommuner slik at resultatet blir bedre livskvalitet for alle eldre.
- Gjøre seg kjent med reformen, særlig om tidsplan og virkemidler for gjennomføring.
- Følge med på om reformen settes på dagsorden i kommunen, fylkeskommunen og i allmennheten.
- Følge med på om kommunene tar stilling til løsningene i reformen og hvordan de vil utforme og gjennomføre dem lokalt. Det er forutsatt at kommunene tar stilling til dette gjennom politiske vedtak.
- Påvirke hvilke løsninger som velges lokalt. Det er viktig at vi kommer tidlig inn i prosessen. Når saken legges fram for kommunestyret vil det ofte være for seint.

Lykke til med reformen «Leve hele liv

Med vennlig hilsen
Tone Bye Prosjektleder Pf

Postadresse:

Pb. 6714 St. Olavs pl.
0130 Oslo

Besøksadresse:

Torggata 15

pf@pensjonistforbundet.no
www.pensjonistforbundet.no

Telefon: 22 34 87 70
Faks: 22 34 87 83

Bankgiro: 9001.05.50202
Org.nr.: 970 323 910

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/19	Formannskapet	PS	20.03.2019
010/19	Eldrerådet	PS	24.04.2019
009/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marie Koksvik Thorsen	19/402

Bustadsosial handlingsplan for Osterøy kommune 2019-2023 – melding om igangsetting og føremål

Vedlegg:

Prosjektmandat-bustadplan
Visjon, prinsipp og overordna mål

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Saka om igangsetting og føremål for bustadsosial handlingsplan for Osterøy kommune 2019-2023 vert teken til orientering.»

Formannskapet - 019/19

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Saka om igangsetting og føremål for bustadsosial handlingsplan for Osterøy kommune 2019-2023 vert teken til orientering.»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Føremålet for bustadsosial handlingsplan vil vere å gjere greie for utfordringane som ligg i å sikre innbyggjarane i Osterøy kommune tenelege bustader. Planen vil ta stilling til korleis endringar

påverkar kommunen si tenesteyting og gjere greie for moglege tiltak for å møte nye utfordringar.

Planen skal lage ein visjon for kommunen sitt bustadsosiale arbeid. Handlingsdelen skal vise korleis ein skal arbeide for å nå målsetjingane som ligg til grunn for planen.

Den nye bustadsosiale handlingsplanen skal svare på korleis kommunen skal løyse sine utfordringar i det bustadsosiale arbeidet. Planen skal leggje tydelege, styrande føringar for den bustadsosiale planlegginga. Den gamle planen har vore lite brukt og det er eit behov for ein ny og oppdatert plan. Eit problem med den bustadsosiale planlegginga har vore at arbeidet har vore for fragmentert, med for lite samhandling mellom ulike einingar. Det overordna målet med planen er at me skal identifisere behova for dei komande åra og peike på moglege løysingar, slik at ein kan gjere gode og velinformerte tiltak.

Det bustadsosiale arbeidet dreier seg om forvaltninga av den kommunale bustadmassen og å imøtekome behova til bebuarane. Dette gjeld først og fremst vanskelegstilte på bustadmarknaden og særskilte brukargrupper som til dømes eldre, funksjonshemma og pasientar innanfor rus- og psykiatri. Dei som er vanskelegstilte er det ofte av økonomiske grunnar, og har vanskeleg for å finne ein bustad på den private marknaden. Dette kan dreie seg om både einslege og familiar, og dei kan ha ulike grunnar til at dei er vanskelegstilte, enten dei har bakgrunn som flyktning, er arbeidsufør eller arbeidsledig.

Planen skal ikkje ta for seg den generelle bustadmarkanden i kommunen, då dette fell utanfor planen sitt virkeområde. Kommunen har ikkje kapasitet til å leggje føringar eller strategiar for den private bustadmarkanden, men kan leggje føringar for korleis kommunen kan samarbeide med private aktørar. Kommunen har eit ansvar for å leggje til rette for at alle skal kunne bu i ein tilfredstillande bustad, sjølv om kvart individ i utgangspunktet har eit ansvar for seg sjølv. Planen skal derfor svare på korleis kommunen skal leggje til rette for at alle skal kunne bu godt og trygt, i ein bustad som møter ulike brukargrupper sine behov. For å oppnå dette har dei overordna måla for det bustadsosiale arbeidet vore delt inn i fire kategoriar: *bustadtilbod*, *bustadtilpassing*, *bustadrettleiing og oppfølging* og *sakshandsaming, organisering og vedlikehald*. Mål og tiltak innanfor desse kategoriane vil leggje føringane for handlingsplanen (sjå vedlagte dokument).

Vurdering

Rådmannen ønskjer å involvere folkevalde og politiske råd i arbeidet med planen i ein tidleg fase, og vil med dette leggje fram dei overordna føringane medan planen fortsatt er under arbeid. Når førsteutkastet er ferdig, vil planen verte lagt ut på høyring.

Folkehelse – Den bustadsosiale handlingsplanen vil kunne bidra til å betre folkehelsa dersom den medverkar til at fleire innbyggjarar får gode butilhøve, som er tilpassa den einskilde sine behov.

Miljø – Ei god bustadplanlegging med ein hensiktsmessig lokalisering av bustader vil kunne gje

miljømessige gevinstar ved mindre behov for privat bilkjøring, både for bebuaren og for kommunen sitt tenestepersonell. At nybygg vert bygd med tanke på å vere energieffektive vil også gje eit positivt miljøbidrag.

Økonomi – Ein god bustadplanlegging med rutinar for korleis ein følgjer opp bebuarar av kommunale bustader vil bidra til ein meir effektiv forvaltning av den kommunale bustadmassen, som på sikt kan bidra til å betre kommunen sin økonomi. Langsiktig planlegging for framtidige bustadbehov og vedlikehald vil bidra til å gjennomføre byggjeprosessar og drift på ein økonomisk forsvarleg måte.

Konklusjon

Per i dag har ikkje Osterøy kommune ein fungerande bustadsosial handlingsplan, då den gamle planen er utdatert. Det er difor ønskeleg å få på plass ein ny plan så fort som råd, for å best mogleg kunne møte innbyggjarane sine bustadbehov, skape gode bustadmiljø og bidra til ein effektiv drift av den kommunale bustadmassen.

1. Prosjektnamn Bustadsosial handlingsplan 2019-2023	Godkjent av Rådmannen: 15.01.2019	Siste revisjon godkjent av Prosjekteigar: Dato når Prosjekteigar (PE) godkjente ein revisjon av prosjektet (justeringar i milepelsplan etc.)
	Prosjektnummer i rekneskapen: Prosjektnummer får ein ved førespurnad til økonomikontoret	Saksnummer i sak og arkivsystem: 19/402
2. Bakgrunn Kort historikk: <ul style="list-style-type: none">• Oppstart: Vår 2018 – forarbeid• Den førre bustadsosiale handlingsplanen frå 2011-2015 er utdatert, og kommunen treng ein ny plan som skal setje dei overordna føringane for det bustadsosiale arbeidet.		
3. Prosjekteigar <ul style="list-style-type: none">• Nina Kvamme, sektorleiar HOS• Styringsgruppe: rådmannens sin leiargruppe		
4. Formål <ul style="list-style-type: none">• Planen skal lage ein visjon for kommunen sin bustadpolitikk. Handlingsdelen viser korleis ein skal arbeide for å nå målsettingane som ligg til grunn for planen.• Å fastsette kommunen sine ambisjonar i det bustadsosiale arbeidet dei neste 10-15 åra, med mest vekt på dei første fire åra.• Å fastsetje strategiar og verkemiddel kommunen vil nytte seg av for å realisere desse ambisjonane.• Å gjere greie for utfordringane som ligg i å sikre innbyggjarane i Osterøy kommune tenelege bustader.		
5. Mål <u>Mål: Kva skal bustadsosial handlingsplan gje svar på?</u> <ul style="list-style-type: none">- Osterøy kommune skal via planprosessen skaffe kunnskap om bustadsituasjonen, framskrive bustadbehov og leggje føringar for utvikling og bygging, jf. nasjonalt kunnskapsgrunnlag.- Legge overordna føringar for lokalisering, innhald og kvalitet i bustader.- Planen må gjere greie for korleis kommunen skal sikre brukarmedverknad.- Vurdere framtida sine krav med omsyn til berekraft, miljøomsyn, fleksibilitet og universell utforming.- Vurdere kva verknader målsetjingane og tiltaka har i høve til kommunen sin økonomi.- Gjere greie for kva virkemiddel og tilskot kan nyttast for å nå dei måla som planen set.		
6. Rammvilkår <ul style="list-style-type: none">• Planen skal vere i tråd med nye sentrale føringar og halde seg til kommuneplanen sin samfunnsdel.		

Sentrale føringar: Stortingsmeldingane nr. 17: «Byggje, bu og leve» og nr. 28 «Gode bygg for eit betre samfunn»

Lovverk:

- Lov om sosiale tenester
- Lov om helsetenesta i kommunane
- Folkehelselova
- Planverket
- Investeringsrammer
- Husbanken sine tildelingskriterier og støtteordningar

7. Avgrensingar

Målsettingane i bustadsosial handlingsplan må vere i tråd med

- kommuneplanen sin samfunnsdel
- oppvekstplanen
- kommunedelplanen for helse- omsorg og sosial

8. Kravspesifikasjon

9. Prosjektet sin overordna organisering

- Prosjekteigar tek overordna avgjersler i prosjektet, og skal sjå til at framdriftsplanen vert halde. Eventuelle avvik eller endringar i prosjektet må avklarast med prosjekteigar.
- Prosjektleiari har mynde til å delegere arbeidsoppgåver og setje fristar for når arbeidet skal ferdigstillast.
- Prosjektkoordinator planlegger arbeidsoppgåvene og framdrifta for prosjektet, i samråd med prosjektleiari som melder til prosjekteigar.

10. Budsjett/ personalressursar

- Det er ikkje knytt noko budsjettressurs til prosjektet, berre personalressursar, i form av ei tverrfagleg arbeidsgruppe, der internt timebruk skal førast. Særleg prosjektkoordinator skal som del av si stilling bruke tid på prosjektet.
- Personalressurs: tverrfagleg arbeidsgruppe.
- Kurs, seminar og opplæring til arbeidsgruppa – kostnader må dekkast av tenestestad.

11. Prosjektet sin interne organisering – prosjektgruppa:

Prosjekteigar: Nina Marie Kvamme

Prosjektleiari: Vigeik Kalland

Prosjektkoordinator: Marie Thorsen

Rådgjevar frå plan: Viviann Kjøpstad

Arbeidsgruppe:

Marie Thorsen, Kristin Myking, Vigeik Kalland, Roald Hovden, Bettina Nordahl, Jan Arne Solberg, Linda Nordås, Marlin Haarstad, Trude Totland

12. Plan og milepelar

Milepelsplan					
Prosjekt:				Ansvarlig:	Sist endra:
Oppstart	Planlagt ferdig	Kode	Milepel	Status	Ansvar
Vår 2018	Haust 2018		Førarbeid: - Innhenting av fakta - Nedsetting av arbeidsgruppe - Utarbeiding av kriterier for tildeling av kommunale bustader samt søknadsskjema	Gjennomført	Arbeidsgruppa
Des 2018	Jan 2019		Etablere prosjektgruppe og utarbeide mandat	Handsamast i leiarmøte 15.01.18	Prosjektgruppa
Nov 2018	Jan/ feb 2019		Avklare visjon, mål og prinsipp for det bustadsosiale arbeidet	Handsamast i leiarmøte jan/tidleg i feb.	Prosjektgruppa
Feb 2019	Mars 2019		Politisk avklaring i formannskapet: leggje fram forslag om visjon, prinsipp og mål.	Handsamast i formannskapet 20.03.	
Mars 2019	Mai 2019		Utarbeiding av planframlegg		Prosjektgruppa og arbeidsgruppa
Mars 2019	Mai 2019		Innspeil frå råd, lag og organisasjonar: leggje fram utkast for dei aktuelle råda		Prosjektgruppa
			Framlegg i styringsgruppa (leiargruppa)		
5. juni 2019	14. august 2019		Første gongs høyring	Handsamast i formannskapet	Prosjektgruppa
			Vedtak i HS		

13. Driftsfase

- Ansvar for drift – prosjektgruppa
- Ivaretaking av nødvendig kompetanse – prosjekteigar

Bustadsosial handlingsplan 2019-2023 – visjon, prinsipp og overordna mål for det bustadsosiale arbeidet

Visjon

Alle skal ha ein god og trygg stad å bu.

Prinsipp for det bustadsosiale arbeidet i Osterøy kommune

Eigenansvar: Kommunen sine innbyggjarar har sjølv ansvar for å skaffe eigna bustad ut frå den einskilde sine utfordringar.

Meistring av eige liv: Kommunen bidreg til å styrke den einskilde sitt sjølvstende og evne til å meistre eige liv.

Tidlig innsats: Kommunen driv eit aktivt førebyggjande helse- og sosialfagleg arbeid, inkludert opplæring og rettleiing. Naudsynte tiltak mot den einskilde vert sett i gong så tidleg som mogleg.

Rehabilitering: Val av tiltak er basert på rehabiliteringstanken, og tiltak vert sett inn på beste effektive omsorgsnivå.

Eigedomshandling: Kommunen skal satse på samarbeid med private aktørar for å ha tilstrekkeleg gode bustader for innbyggjarane. Kommunen skal ha bustader som er eigna til ulike brukargrupper.

Eigarskap: Kommunen skal leggje til rette for at så mange som mogleg skal kunne eige sin eigen bustad.

Lokalisering: Plasseringa av kommunale bustader skal ta omsyn til brukaren sine behov, effektiv tenesteyting og inkludering i nærmiljøet.

Overordna mål

Bustadtilbod:

Mål 1: Kommunen skal arbeide for å utjamne sosial ulikskap ved å fremme eit variert bustadtilbod tilpassa ulike brukargrupper og ved å leggje til rette for at flest mogleg kan eige sin eigen bustad.

Tiltak: Tilbodet av kommunale bustader skal vere variert, slik at ein treff ulike brukargrupper sine behov.

Kommunen skal saman med private aktørar arbeide for at det vert bygd ut bustader til ulike brukargrupper:

- kommunale utleigebustader (inkludert krisebustader og robuste bustader)
- nøkterne selveigarbustader
- sjølveigde seniorbustader
- tilpassa bustadar til funksjonshemma
- omsorgsbustader
- utleigehyblar for ungdom/studentar

Tiltak: Gje god informasjon om tilskotsordningar og økonomisk rettleiing, både på internett, i servicekontor og til tilsette i dei aktuelle einingane.

Mål 2: Kommunale bustadmiljø skal fremme inkludering i nærmiljøet og ikkje vere stigmatiserande.

Tiltak: Kommunen skal syte for at kommunale bustader vert etablerte i eit nærmiljø saman med private bustader, og at dei ikkje får eit institusjonsliknande preg. Det skal heller ikkje etablerast mange kommunale bustadar i same område.

Tiltak: Personar med behov for kommunal bustad skal sikrast stabilitet i leigeperioden, særleg barnefamiljar.

Bustadtilpassing

Mål 1: Kommunale bustader skal vere tilrettelagt bebuarane sine behov, samt effektiv tenesteyting.

Tiltak: Bustader for personar med tenestebehov frå kommunen skal samlokalisert med tanke på effektiv tenesteyting, dette gjeld særleg omsorgsbustader.

Tiltak: Bustader for barnefamiljar skal vere i lokalsamfunn med eit offentleg tenestetilbod som skule, barnehage og kollektivtilbod.

Mål 2: Alle skal kunne bu heime så lenge som mogleg ved å bu i tilpassa bustad.

Tiltak: Satsing på tilskot til tilpassing av eigen bustad ved nedsett funksjonsevne og universell utforming av alle nye bustader.

Tiltak: Satsing på velferdsteknologi.

Tiltak: Utbygging av omsorgsbustader (omsorg pluss).

Tiltak: Universell utforming i alle nye bygg.

Bustadretteiing og oppfølging:

Mål: Det skal leggjast til rette for meistring av den einskilde (Både i form av å kunne reinhald og vedlikehald av bustad, og å på sikt kunne leige eller eige på eigen hand.)

Tiltak: Bustadretteiing og oppfølging skal vere ein del av vedtaket knyta til kommunal bustad. Den bør vere tverrfaglig, og inkludere opplæring i personleg økonomi og retteiing i bruk av bustad.

Tiltak: Dei som ikkje har buevne, eller dei som treng avklaring på om dei har buevne, bør midlertidig busettast i robuste bustader.

Tiltak: Opprette eit system/ faste møter for å gjere ein tverrfagleg vurdering av brukarar som får tildelt kommunal bustad. Ei mogleg løysing kan vere å opprette eit bustadkontor.

Tiltak: Gje brukarar med behov for buretteiing hjelp frå ein miljøvaktmeister.

Sakshandsaming, organisering og vedlikehald:

Mål: Det bustadsosiale arbeidet skal vere heilskapleg og leggje opp til eit systematisk og langsiktig arbeid mellom dei kommunale tenestene. Brukarmedverknad skal sikrast.

Tiltak: Kommunen skal ha ei tverrfagleg tilnærming til tildeling av bustad.

Tiltak: Alle søkarar skal verte handsama etter like kriterium, og dei mest vanskeligstilte skal sikrast tildeling av kommunal bustad.

Tiltak: Det skal lagast ein plan for vedlikehald av kommunale bustader. Sal av kommunale bustader til leigetakarar kan vurderast som eit tiltak i ein slik plan.